

## SAK EIGENKAPITAL - FORSLAG OM ETABLERING AV FOND FOR INVESTERINGER

På bakgrunn av rettleiing og råd frå revisor vil styret føreslå at idrettslaget sin eigenkapital blir fordelt mellom «fond for investeringar» og «anna eigenkapital»  
Føremålet er å visa at ein stor del av idrettslaget sin eigenkapital er knytt til balanseført verdi av varige driftsmidlar

### Forslag til vedtak:

Idrettslaget sin eigenkapital blir fom 01.01.2024 delt i «fond for investeringar» og «annan eigenkapital»

Fond for investeringar skal til ei kvar tid vera lik balanseført verdi av idrettslaget sine varige driftsmidlar.

Fond for investeringar blir etablert ved at kr 2 830 000 av idrettslaget sin eigenkapital per 01.01.2024 blir overført til «fond for investeringar» frå «annan eigenkapital»  
Dette medfører at annan eigenkapital blir redusert til kr 865.370.

### Årlege endringar i fond for investeringar:

- Investeringar i varige driftsmidlar blir godkjent av styret. Investeringar godkjent av styret blir ført til reduksjon i annan eigenkapital og auke i fond for investeringar
- Sal av varige driftsmidlar blir godkjent av styret. Balanseført verdi av varig driftsmiddel som avhendast blir ført til auke i annan eigenkapital og reduksjon i fond for investeringar
- Årlege avskrivningar blir dekkja av fond for investeringar.